

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 30.11.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: 124/18

STYREMØTE: 11.12. 2018

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
22.08.2018	Høyring – endringar i smittevernlova <i>Notatet føreslår mellom anna ein ny føresegn for å presisere og lovfeste vilkåra som skal vurderast ved iverksetting av smittevernvilkår.</i>	Høyringsfrist 23.11.2018	Høyringssvar blei ikkje sendt
27.08.2018	Høyring – åtgang til å reservere anskaffingar av helse- og sosialtenester for ideelle organisasjonar <i>Endringa som blir lagt fram er å gi åtgang til å reservere konkurransar om kontraktar om helse- og sosialtenester for ideelle organisasjonar.</i>	Høyringsfrist 23.11.2018	Høyringssvar blei sendt
13.09.2018	Høyring – endringar i apoteklova, legemiddellova og folketrygdlova kapittel 25 <i>Forslag om innføring av gebyr som ein reaksjonsmoglegheit ved brot på enkelte handlingsnormar i dei tre lovane.</i>	Høyringsfrist 13.12.2018	
01.10.2018	Høyring – legemiddelforskrifta kapittel 13 og CPC-forordninga <i>Høyringa gjeld endringar om reklame for legemidlar. Notatet omhandlar i tillegg industrien sin informasjon til pasientar etter forskriving og gjennomføring av CPC-forordninga knytt til forbrukarvernlovgevinga.</i>	Høyringsfrist 04.01.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a

01.10.2018	Høyring – endringar i drosjereguleringa – oppheving av behovsprøvinga mv. <i>Forslaga til endringar i reglene betyr ein stor revisjon av drosjereguleringa.</i>	Høyringsfrist 01.01.2019	
02.10.2018	Høyring – etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod mv. <i>Regjeringa ønskjer å løfte pasient- og brukarrettigheitsordninga, både når det gjeld innhald og omfang.</i>	Høyringsfrist 02.01.2019	
02.10.2018	Høyring – einpersonsutgreiing om formuerettslege lovvalsreglar <i>Utgreiinga er avgitt av professor Giuditta Cordero-Moss 2. juni 2018.</i>	Høyringsfrist 18.01.2019	
04.10.2018	Høyring – lov- og forskriftsendringar som følge av Storbritannia sin uttrede frå Den europeiske union <i>Justis- og beredskapsdepartementet sender på høyring forslag til lov- og forskriftsendringar som følgje av Storbritannia sin uttrede frå Den europeiske union (EU).</i>	Høyringsfrist 30.11.2018	Høyringssvar blei ikkje sendt
09.10.2018	Høyring – forslag til endring av forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta	Høyringsfrist 30.11.2018	Høyringssvar blei ikkje sendt
26.10.2018	Høyring – strategi for rasjonell bruk av bildediagnostikk <i>Det har vore ein betydelig auke i bidediagnostikk og det er gjennomført store investeringar dei siste åra. Det rapporterast likevel om lengre ventetider og press på tenesta. Forslaget til strategi tar utgangspunkt i desse overordna effektmåla:</i> - Redusert tal på dobbeltundersøkingar - Redusert overdiagnostikk - Redusert regional variasjon i bruk av bildediagnostikk	Høyringsfrist 07.12.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a
01.11.2018	Høyring - tilrådd standard for transportsikring av e-post <i>Det blei vedtatt og publisert nye standardar på området samtidig som den førre høyringa var ute i august/september. Derfor gjennomførast det no ei ny høyring med forlag til standard, som tek omsyn til dei nye standardane internasjonalt.</i>	Høyringsfrist 25.11.2018	Høyringssvar blei ikkje sendt
12.11.2018	Høyring - forslag til ny forskrift om lån frå Husbanken <i>Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår ein ny regelverksstruktur for lån frå Husbanken.</i>	Høyringsfrist februar 2019	
13.11.2018	Høyring - forskrift om medisinske kvalitetsregistre	Høyringsfrist 20.02.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a

	<i>I høyringsnotatet blir det føreslått at det medisinske kvalitetsregisteret skal regulerast i ein eigen forskrift. Eit av hovudgrepa i forskrifta er unntak frå samtykkekravet når det er nødvendig av omsyn til registra sin datakvalitet og dekningsgrad.</i>		
16.11.2018	Høyring – revidert Kompetanseplan Modul 6 Rekvirering, varsling, koordinering og flight following av luftambulanshelikopter <i>Den nye reviderte modulen sett konkrete krav til opplæring og oppfølging, både for AMK- og AMK-LA operatørar.</i>	Høyringsfrist 15.12.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a
22.11.2018	Høyring – kravspesifikasjon for bruk av kjernejournal-API – kritisk informasjon <i>Ei ønskjer tilbakemelding på om kravspesifikasjonen er tilstrekkeleg for å oppnå dei ønska effektane og om kravspesifikasjonen vil påverke arbeidsprosessane i ei retning som ikkje er ønska.</i>	Høyringsfrist 25.01.2019	Høyringsbrev er sendt til HF-a
22.11.2018	Høyring – Rusreformutvalet <i>Rusreformutvalet ber om skriftlege innspel til utvalet sitt oppdrag.</i>	Høyringsfrist 01.02.2019	
26.11.2018	Høyring - forslag til endringar i forskrift om rett til trygderefusjon for leger, spesialister i klinisk psykologi og fysioterapeutar og i forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøking og behandling hos lege <i>Bakgrunnen for forslaget er endringar i spesialistutdanninga for leger og behovet for at deler av spesialitutdanninga kan gjennomførast hos avtalespesialister.</i>	Høyringsfrist 01.02.2019	